



Advokat Eirik Espelid
Storebotn 40
5309 Kleppestø

Vår ref.:
26/7607 - 26/45519 / MAOS1

Dykkar ref.:

Dato:
01.07.2026

Avgjerd om iverksetting av vedtak i klagesak - forvaltningsloven § 42.

Vi viser til anmodning om utsatt iverksetting av vedtak/pålegg av 18.06.2026.

Beslutning:

Kinn kommune gir ikkje utsett iverksetting av vedtak av 18. juni 2026, jf. forvaltningslova § 42. Vedtaket kan dermed iverksettast medan klagesaka er til behandling.

Regelverk:

Hovudregelen i forvaltningsretten er at eit vedtak kan iverksettast frå det tidspunktet det er fatta.

Forvaltningslova § 42 gir likevel forvaltninga høve til å beslutte at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klaga er avgjerd.

Avgjerd om utsett iverksetting er ei avgjerd etter fritt skjønn, jf. ordlyden «*kan beslutte*». Dette inneber at ein part ikkje har noko automatisk krav på at iverksettinga vert utsett.

Forvaltninga si avgjersle vil måtte bero på en avveining av de hensyn som talar for at vedtaket iverksettast umiddelbart, mot de hensyn som talar for utsettelse. Det vil ofte kunne tale for utsatt iverksetting at gjennomføringa av vedtaket er irreversibel eller vil ha store personlege konsekvensar for parten, men også i slike tilfelle kan det føreligge mothensyn som må tilleggast større vekt. Dette følger av lovkommentar til bestemmelsen.

Vurdering:

Pålegget er grunngeve bl.a. med omsynet til trafikktryggleik og beredskap. Vidare er dei etablerte sperringane plasserte på areal som kommunen vurderer som nødvendig for manøvrering til og frå kommunal veg, og kan dermed hindre trygg ferdsel og nødvendig framkomst. Dette gjeld særleg for større køyretøy, som utrykkingskøyretøy, brannvesen, ambulanseteneste og andre beredskapsaktørar.

Kommunen har vidare lagt avgjerande vekt på at konsekvensane av iverksettinga er avgrensa. Vedtaket inneber at steinar, sperringar, bommar og andre fysiske innretningar skal fjernast frå området. Tiltaket inneber ikkje at eigedomsforhold eller andre privatrettslege spørsmål vert avgjorde

gjennom gjennomføringa av vedtaket.

Fjerning av dei aktuelle innretningane må vurderast som eit avgrensa og reversibelt tiltak. Dersom klagen seinare skulle føre fram, vil det vere mogleg å vurdere vidare oppfølging av situasjonen på nytt.

Etter ei samla vurdering finn Kinn kommune at omsynet til gjennomføring av vedtaket veg tyngre enn omsynet til å utsette iverksetting. Det ligg ikkje føre tilstrekkelege grunnar etter forvaltningslova § 42 til å stanse gjennomføringa medan klagesaka vert behandla.

Denne avgjersla er ei beslutning og er ikkje eit enkeltvedtak. Beslutninga kan dermed ikkje påklagast, jf. fvl. § 28 jf. § 2 første ledd.

Helsing

Frode Ellingsund
teknisk sjef

Malin Østvik
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur